



Saksbehandlar: Lena Merete Søderholm, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/576-3

Uttale og prioritering til Kystverket om kommunale fiskerihamner 2016
...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Dei to søknadane som ligg føre frå Sogn og Fjordane er svært ulike i innhald og omfang, men begge er viktige for sikring og vidare utvikling av fiskerirelaterte arbeidsplassar i fylket.
- 2 Trass i at den fiskerifaglege tilknytinga har kome tydelegare fram etter innhenting av meir informasjon frå Vågsøy kommune, vil fylkeskommunen rangere søknaden frå Solund kommune framfor søknaden frå Vågsøy kommune.
- 3 Søknaden frå Vågsøy kommune er likevel viktig for vidare vekst i fiskerisektoren i regionen, og ber om at også denne søknaden vert gjeve høg prioritert i den nasjonale rangeringa.

...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:0

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Søknad frå Solund kommune, Saltskår kai
2. Søknad frå Vågsøy kommune, Barstad kai
3. e-post (datert 18.05.16) med tilleggsinformasjon frå rådmann i Vågsøy kommune

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Sogn og Fjordane fylkeskommune har motteke brev frå Kystverket der dei ber om vår uttale og prioritering av to søknadar frå Sogn og Fjordane som har kome inn til ordninga med statleg tilskot til infrastruktur i fiskerihamner for 2016. Kystverket ber om uttale frå både fylkeskommunane og Fiskeridirektoratet om næringmessige og fiskerifaglege vurderingar av prosjekta innan 01.6.2016.

I 2016 er det Saltskår fiskerkai i Solund kommune og Barstadvika i Vågsøy kommune som har søkt om støtte.

Historikk - tidlegare vedtak

Kystkommunane i landet har høve til å søke om tilskot over statsbudsjettet sitt kapittel 1360

post 60 til delfinansiering av kommunale fiskerihamntiltak eller infrastruktur i fiskerihamner. Frist for søkjane var 1. mars 2016 for prioritering i statsbudsjettet 2017.

Sentrale problemstillingar

Tilskotsordninga er eit verkemiddel for å realisere fiskerihamntiltak som kommunane ser som samfunnsøkonomisk viktige, men som er så kapitalkrevjande at dei vanskeleg let seg gjennomføre utan statleg stønad. På Kystverket sine heimesider står det at tilskotet krev minst 50 % kommunal eigenfinansiering. Det er likevel klarlagt (gjennom telefonsamtale med saks-handsamar i Kystverket) at kommunen kan hente inn anna finansiering, t.d. frå næringslivet, men at det er kommunen som står som eigar og tiltakseigar for prosjektet. Tilskota kan gjevast både som løyve i budsjettåret (2017) og som tilsegn om stønad for neste budsjettår.

Tiltak som kan støttast er:

- Liggekaier (faste eller flytande)
- Utrustnings- og sørviskaier
- Losse- og lastekaier
- Molo
- Utdjuping
- Bølgjedemping

2. Vurderingar og konsekvensar

Saltskår hamn, Solund kommune

Saltskår hamn søker om kr. 1 212 000 i tilskot til utdjuping av poll og forlenging av kai. Dette utgjer 50 % av totalbudsjettet på kr. 2 242 000. Det er utført eit forprosjekt som peikar på at dei to tiltaka bør gjennomførast i denne hamna:

- 1 Utdjuping i hamneområdet med sprenging av grunner og utgraving og deponering av lausmassar slik at djupna vert 5,5 m meter. Det vert då mogleg å bruke hamna for dei fartøya som i dag ikkje kjem inn fordi det er for trøngt og djupna er for lita. Hamna er i dag merka i sjøkart med 5 meter, men det er ei grunne på 2,5 meter som avgrensar bruken.
- 2 Forlenging av liggekai, som ligg på nordre molen, med 10 meter trekai mot aust. Større lokale fartøy som M/S Sjarmør og M/S Svebas kan då gå inn til og nytte kaia. Kaia vil og kunne nyttast til liggekai av andre fartøy då ho ligg nær skipsleia gjennom Ytre Steinsund/Skomakeren.

Vi er einige med kommunen om at det er samfunnsnyttig å legge til rette for vidare utnytting av fiskerihamna i Saltskår, der det frå før er investert i moloanlegg, slik at hamna kan nyttast av større lokale fiskerifartøy. Saltskår er eit fiskerisamfunn det er viktig å ta vare på. Solund er ein øykommune der maritime næringar er viktig for sysselsetjing og busetnad. Det er viktig at kaianlegga i dei mindre fiskerihamnene vert oppdatert slik at dei kan følgje utviklinga med stadig større fartøy i fiskeflåten.

I arealdele i kommuneplanen er området sett av til fiskerihamn og næringsføremål og det omsøkte tiltaket er i samsvar med desse føremåla.

Følgjande budsjett og finansieringsplan er lagt til grunn for søknaden (alle beløp utan mva):

Budsjett:

| | |
|----------------------------|----------------------|
| Utdjuping | kr. 1.530.000 |
| Forlenging av liggekai | kr. 712.000 |
| Sum prosjektkostnad | kr. 2.242.000 |

Dette vert finansiert slik:

| | |
|---------------------|----------------------|
| Innskot frå næringa | kr. 1.071.000 |
| Solund kommune | kr. 50.000 |
| Tilskot | kr. 1.121.000 |
| Sum | kr. 2.242.000 |

Sjølv om søknadssummen i dette prosjektet er låg, vil dette likevel vere eit så kapitalkrevjande prosjekt for Solund kommune at vi ikkje trur at dette kan gjennomførast utan statleg stønad. Slik sett har Kystverket sine midlar i dette høvet ei utløysande effekt på dette prosjektet.

Barstadvika, Vågsøy kommune

Søknaden er knytt opp til bygging av fiskerikai knytt til eit opparbeidd industriområde i Barstadvik, sør for Raudeberg. Måløy er eit sterkt fiskeri- og maritimt nav i fylket og viktig for vidare utvikling av det marine og maritime næringslivet. Området bak framtidig kai er utfyld og det er ein føresetnad for å kome vidare at det blir bygd kai. Kommunen seier at tiltaket vil dekke føremålet til Kystverket med liggekai, utrustnings/sørviskai og losse- og lastekai.

Kommunen skriv at kaia er viktig i vidare utvikling av marin næring i kommunen, og at kaia skal ha 20 m djupne for å gje kaiplass og fortøyning for dei djupaste og tyngste fiskefartøya.

Nordfjord hamn skriv at fiskerikaia skal rettast mot «all maritim næring i kommunen» og at det er trong for å flytte deler av fiskeriaktiviteten frå sentrumskjernen i Måløy til dette området.

Kystverket ber om tilleggsopplysningar; meir spesifikk informasjon om kva type verksemder som skal etablerast på industriområdet bak den framtidige kaia, og kva som vert lagt i flytting av fiskeriverksemder frå Måløy sentrum. Det korte svaret frå Nordfjord Hamn på dette er som følgjer: «Her holder Nordfjord Havn IKS med å utforme en intensjonsavtale for landbasert fiskeoppdrett, eller så kan arealet brukes til lagring for fiskeriformål». Det reint fiskerimessige innhaldet i utbyggingsprosjektet er ikkje gjort særleg godt greie for i søknaden og i supplerande informasjon frå Nordfjord Havn.

Etter samtal med rådmannen i Vågsøy og påfølgjande e-post, er det klart at den fiskerimessige tilknytinga nok er større enn det som kjem fram i søknaden. Han viser til at fiskerimiljøet i Vågsøy er utvida i 2016 gjennom etablering av Nergård sin fiskemjølfabrikk. Dette aukar volumet monaleg. I tillegg ønskjer Nergård å bygge ein fabrikk for mottak av sild og makrell. Dei er lokalisert nord på Trollebø og har tomt for ekspansjon. Utskiping vil skje over kommunal hamn. Vidare har Br. Myhre AS i samarbeide med Coast Seafood i Måløy utvida sitt mottak i Måløy sentrum i 2016. All utskiping i dag skjer gjennom containertransport over Trollebø ved at desse vert transportert frå mottaksanlegga i kommunen og frå m.a. Selje. Ny kai i Barstadvika vil ligge sentralt ved skipsleia og vil kunne tene for uttransport som avlasting for Trollebø der det ikkje er mogleg med ytterlegare utbygging i dag.

Barstadvika har vidare ei sentral plassering i høve fiskerimiljøet på Raudeberg som har to mottak (Domstein og Snorre Seafood). Skipsverfta Stadyard og Båtbygg utfører også større reparasjonsanlegg for fiskeflåten slik at kaia i Barstadvika i periodar kan tene som liggekai.

Fylkeskommunen har tru på at Måløy skal vidareutvikle sin industri og sine tenester både mot fiskeriflåten og anna maritim verksemd. Det er stor aktivitet på utskipinga frå Trollebø, og her vil ei kai i Barstadvika kunne vere eit viktig knutepunkt for omlasting av containarar med pelagisk fisk over til skip for utskiping av fisk. Dette er moment som nok burde vore veklagt tyngre i søknaden. Ei ny kai i Barstadvika vil kunne bidra til å styrke det marine næringslivet i regionen.

Følgjande budsjett og finansieringsplan er lagt til grunn for søknaden (alle beløp utan mva):

| <u>Budsjett</u> | | <u>Finansiering:</u> | |
|----------------------------------|-------------------|----------------------|-------------------|
| Byggeplasskostnadar/rigg: | 3 425 000 | Kystverket | 17 125 000 |
| Fylling | 2 700 000 | Anna finans. | 21 475 000 |
| Plastring under kai | 510 000 | <u>Sum</u> | <u>38 600 000</u> |
| Støyping | 14 850 000 | | |
| Dekke med dragarar | 7 400 000 | | |
| Overgangs- og forankringsplate | 1 700 000 | | |
| Skjørt | 550 000 | | |
| Kaiutstyr | 550 000 | | |
| Redningsutstyr/belysning | 50 000 | | |
| Andre entreprisekostnadar | 850 000 | | |
| <u>Sum</u> | <u>32 585 000</u> | | |
| Uføresette kostnadar | 4 415 000 | | |
| <u>Planlegging/prosjektering</u> | <u>1 600 000</u> | | |
| <u>Samla kostnad</u> | <u>38 600 000</u> | | |

3. Konklusjon

Dei to søknadane som ligg føre er svært ulike i innhald og omfang, men begge er på kvart sitt vil viktige for vidare utvikling og sikring av fiskerirelaterte arbeidsplassar i fylket.

Søknaden frå Solund kommune om Saltskår fiskerihamn er eit kostnadsmessig lite prosjekt, og har tydeleg fiskerifagleg forankring. Kommunen har lite økonomiske midlar sjølve til viktige prosjekt, og statlege midlar vil her ha ei tydeleg og utløysande effekt i dette prosjektet. Fylket har mange mindre, fiskeriavhengige lokalsamfunn som er viktige for regionen vår, og også for den norske fiskerinæringa.

Søknaden frå Vågsøy kommune om bygging av kai i Barstadvika er eit større og mykje meir kostnadskrevjande prosjekt. For å komme vidare med utviklinga og etablering av verksemder på det allereie utfylte landarealet, er ein avhengig av ei ny kai i framkant av utfyllinga. Det vil bli trond for auka kapasitet for containerhamn for utskiping av fisk i samband med venta vekst i fiskeindustrien, og her vil Barstadvika med si lokalisering kunne bli eit nytt knutepunkt mellom land og sjøtransport. For ei så stor utbygging som dette, er det heilt naudsynt med statleg medfinansiering. Vi voner at prosjektet kjem høgt opp på Kystverket si nasjonale rangering, men vil likevel rangere den som ein god nummer to etter søknaden frå Solund kommune.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)